



Sak nr 2/2011

Møtedato: 1.2.11

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## S787, Stubbeset - søknad om påbygg på uthus

Jørgen Holden søker om å få bygge på uthuset med 50 m<sup>2</sup>. Teikningar for tilbygg er lagt ved søknaden.

I følgje stølsregisteret er det følgjande bygningar på stølen:

Hustype	SumAreal
Annet	9
Låve/løe	49
Fjøs	54
Seterbu	77

Søkjaren driv mjølkeproduksjon og nyttar stølen til beite og slått. Mjølkeproduksjon skjer på fellesstølen for geit i Baklie. Stølen er i bruk og søknaden skal behandlast etter § 10 i stølsforskriftene der det heiter: *Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn. Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Statskog skriv i brev datert 31.1.11 at det ikkje er merknader til det omsøkte tilbygget.

Fylkeskommunen ved avd. for kulturvern ber i e-post datert 1.2.11 om at det blir sett vilkår om at tilbygget skal ha ei type taktekking som harmonerer med det eksisterande uthuset, og at takutstikket på tilbygget også skal være som på uthuset. Vidare vil vi oppfordre søker til å bruke same type materialar og teknikkar som på det eksisterande uthuset.

Tilbygget er vist med anna takhøgde enn det eksisterande bygget og bygget hadde stått fram meir som ei heilheit om takhøgda var lik. Dette ville også gi større dørhøgde som kan vera praktisk etter som storleik på mange traktorar i dag er over 2,7 m.

### Vedtak:

Fjellstyret godkjenner etter § 10 i stølsforskrifta søknaden på dei vilkår Oppland fylkeskommune stiller om taktekking og takutstikk. Fjellstyret oppfordrar til å bruke same type materialar, takhøgde og byggeteknikk som på det eksisterande uthuset.

Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal vera skriftleg og sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av vedtaket.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 3.2.11

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Jørgen Holden  
Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Oppland fylkeskommune